



Samnanger kommune

- der du vil leva og bu -

Vedlegg 1

Innhald i prosjektet

Namn på tiltak

Kreativ+aktiv+ungdom=sant

Målsetting for prosjektet

Mål 1: Gjera det lettare og meir attraktivt for ungdomsskuleelevar å vera aktiv kvar dag i skuletida, utandørs. Mål 2: Gjera biblioteket til ein dansesal, med enkle grep, slik at me kan få til dans for barn og unge.

Målgruppe for prosjektet

Målgruppa for prosjektet er todelt. For tiltak nr 1 er ungdomsskuleelevar hovudmålgruppa, men tiltaket vil óg vera ein positiv ringverknad for nærmiljøet utanfor skuletida. For tiltak nr 2 er målgruppa førebels barn og unge mellom 4-10 trinn.

Kort skildring av prosjektet

I Samnanger kommune jobbar me aktivt for at barn og unge skal ha enkel og attraktiv tilgong på fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Me har blant anna eit særdeles aktivt Turlag som legg til rette for turar og aktivitetar i friluft for barn, ungdom og vaksne. Me har ingen idrettshall (enno), men dei to gymsalane våre er full av aktivitet heile veka både på ettermiddag og kveldstid. Frivillige lag og organisasjonar betalar ingen kontingent for leige av hall. Hagabotnane idrettsanlegg med kunstgrasbane og friidrettsbane som sto ferdig i juni 2016 er óg nytta kvar dag. Ungdomsskulen har eit klasesett med sykklar som vert nytta aktivt i skuletida.

Det er mykje som ligg til rette for at barn og unge i Samnanger kommune kan ta eit attraktivt val om å vera aktiv kvar dag, men me jobbar stadig med å utvikla tilboda. Særskild lavterskeltilbod. I kulturavdelinga jobbar me blant anna med å oppretta ein utstyrsbank kor dei første kajakkane er kome på plass. Me har ingen idrettshall i Samnanger (det vert jobba med saka). Det gjer til at det er stort press på dei to gymsalane våre, både i skuletid og på ettermiddag/kveld. Dessverre så er det ikkje plass til nye aktivitetar i gymsalane.

Uteområdet på ungdomsskulen er lite attraktivt. Me har ein ballbinge og ein eldre klatrevegg. På grunn av at spørsmål om 1-10 skule er vorte løfta kan me ikkje søka om spelemidlar til uteområdet, men det treng sårt ei oppdatering. Elevane ønskjer tilgong til forskjellige fysiske aktivitetar og utstyr utandørs, og at det skal vera høve til å vera utandørs under tak i friminutta. Elevane skal vera med i prosjektgruppa for utforming av området, men me vil ikkje informera om prosjektet før me veit om me er tildelt midlar. Søknaden går difor ikkje i detaljar. Med enkle grep ønskjer me å oppdatera uteområdet på ungdomsskulen med tanke på bruk både i friminutt og fag men óg som ein del av nærmiljøet. Me søkjer om midlar til delfinansiering av prosjektet kor me vil gjera uteområdet på ungdomsskulen attraktivt slik at det er lettare for elevane å vera fysisk aktive og vera meir utandørs i friminutta.

I det nye biblioteket vårt ønskjer me å starta med dans. Danseinstuktøren har vore på synfaring og meiner det største allrommet eignar seg godt til dans. Til dansen, særskild ballett, treng me speil. I og med at rommer vert nytta til ulike aktivitetar gjennom veka kan me ikkje henga opp eit permanent

speil på veggen, men må bruka speilvegg på hjul som er samanleggbar. Me søker om midlar til delfinansiering av speil.

Korleis skal prosjektet gjennomførast og vidareførast?

Tiltak 1. Prosjektet vert starta så snart me veit om me er vorte tildelt midlar. Me ønskjer å starta oppgradering av uteområdet så snart som råd, men me må ta omsyn til været og at det nærmar seg ei kaldare årstid. Overføringsverdien vil vera korleis me gjer uteområdet på ein ungdomsskule meir attraktiv for fysisk aktivitet for ungdom, med små grep. Tiltak 2: vil ha oppstart ila. oktober 2018. Overføringsverdien vil vera korleis me tenkjer nytt i høve til mangel på lokaler til fysisk aktivitet.

Samarbeidspartar – korleis tek dei del i prosjektet?

Tiltak nr 1: FAU, elevane, sektor for oppvekst, teknisk drift, kulturkontoret og folkehelsekoordinator er med på planlegging av prosjektet. FAU, elevane og frivillige gjennom frivilligsentralen vil delta i dugnad for å få prosjektet gjennomført. Teknisk drift bidreg med praktisk gjennomføring der det trengs. Kulturkontoret søker om midlar og skriv rapport.

Tiltak nr 2: Biblioteket, kulturkontoret og lokal danseinstruktør er med på planlegging av prosjektet. Biblioteket står for lokalet og formidling av tilbod, danseinstruktøren står for gjennomføring av undervisning og kulturkontoret søker om midlar og skriv rapport.